



Region
Fjordane

Årsmelding 2025

Fjordane Interkommunalt politisk råd

Januar 2026

Innholdsliste

1. Kort om året 2025
2. Representantskapet
3. Medlemmar
4. Arbeidsutvalet
5. Kommunedirektørnettverk
6. Sekretariatet
7. Møteaktivitet
8. Økonomi
9. Formannskapskonferansen 2025
10. Høyringsuttaler i 2025
11. Orienteringar og besøk i regionrådet
12. Utviklingsplanen 2022-2024
Strategiske planar
13. Handlingsplan/ aktivitetsplan 2025



1.Kort om året 2025

Region Fjordane har i 2025 styrka rolla som ein tydeleg og samlande regional aktør. Gjennom målretta deltaking på nasjonale og regionale arenaer, vidareutvikling av profil og aktiv bruk av felles nettstad, har regionen vorte meir synleg og relevant i sentrale samfunnsdebattar.

Arbeidet med kraft og energitilgang har vore ei sentral satsing også i 2025. Med utgangspunkt i innsatsen som starta i 2024, har Region Fjordane vidareført arbeidet med å løfte fram utfordringar knytt til nett- og kraftkapasitet. I samarbeid med Invest in Fjordane har ein jobba systematisk med å synleggjere flaskehalsar og behov, og å setje kraftsituasjonen i samanheng med verdiskaping, næringsutvikling og grøn omstilling. Kraft og energitilgang er avgjerande føresetnader for framtidig samfunnsutvikling i regionen, og vil vere eit prioritert område også framover.

I løpet av året har Region Fjordane fått midlar til forstudiar som støtte gjennom fornyingsmidlar hos Statsforvaltar. Arbeidet er sett i gang, og eit samla kunnskapsgrunnlag vil vere ferdigstilt i løpet av andre kvartal 2026. Forprosjekta omfattar mellom anna organisering og utvikling av brann- og redningstenesta, samt kommunen si rolle som reiselivsutviklar. Kunnskapen som vert utvikla, vil gi eit viktig grunnlag for vidare diskusjonar om samarbeid, politikk og framtidige løysingar på tvers av kommunane.

Region Fjordane var også i 2025 til stades under Arendalsveka, med kontor sentralt plassert i sentrum. Kontoret fungerte som ein viktig møteplass for politisk og administrativ leiing, samarbeidspartnarar og nasjonale aktørar. Deltakinga under Arendalsveka stadfesta eit felles ønskje frå ordførarar og kommunedirektørar om at Region Fjordane tek ein tydelegare posisjon nasjonalt, bidreg aktivt til å setje retning for ein offensiv og kunnskapsbasert distriktspolitikk, og styrkjer samarbeidet i Vestland.

Region Fjordane har gjennom året vore ein viktig tilretteleggjar og møtestad for regionalpolitisk arbeid. Nettstaden regionfjordane.no er vidareutvikla som ein open og tilgjengeleg kanal for informasjon, møteprotokollar og nyhende frå arbeidet i regionen.

Helsing

Avtroppande leiar Jenny Følling

2. Representantskapet

Representantskapet består av ordførarane i dei deltakande kommunane med varaordførar som personleg vararepresentant. Oppgåva til representantskapet er å vedta årsbudsjett, handlingsplan, rekneskap og årsmelding. Det vart gjennomført møte i representantskapet den 13. februar 2025.

3. Medlemmar i Fjordane IPR

Kommune	Ordførar	Varaordførar	Kommunedirektør
Stryn	Per A. Kjøllesdal	Sonja Øvre-Flo	Jon Nesje
Bremanger	Anne Kristin Førde	Svein Olav Senneset	Tom Joensen
Kinn	Bengt Solheim-Olsen	Frank Willy Djuvik	Øyvind Bang-Olsen
Stad	Judith Kvåle	Gunn Sande	Kristine Dahl
Gloppen	Arnar Kvernevik	Jan Ove Rygg	Anders Skipenes
Sunnfjord	Jenny Følling	Helge Robert Midtbø	Terje Heggheim
Hyllestad	Kjell Eide	Christian Hatlem Skår	Gjermund Flage
Askvoll	Ole Andre Klausen	Kjell Kristian Carlsen	Martin Lundgård
Fjaler	Leif Jarle Espedal	Marte Haugsbakk	Ola Hovland
Solund	Gunn Å. Mongstad	John S. Hugøy	Jens-Eivind Kobbeltvedt
Høyanger	Petter Sortland	Geir Helge Østerbø	Ørjan Haram

4. Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har som oppgåve å førebu saker til rådsmøte, i dette møtet stiller leiaren for kommunedirektøren slik at det er eit bindeledd mellom politikk og administrasjon. Etter to år har ein gjort nokre endringar i arbeidsutvalet for å sikre at alle kommunar får høve til å delta i arbeidet. Det nye arbeidsutval gjeld frå desember 2025

Arbeidsutvalet 2025	Arbeidsutval 2026-
Jenny Følling, Sunnfjord (leiar) Judith Kvåle, Stad (nestleiar) Ole Andre Klausen, Askvoll Bengt Solheim-Olsen, Kinn Petter Sortland, Høyanger	Leif Jarle Espedal, Fjaler (leiar) Per Kjøllesdal, Stryn (nestleiar) Jenny Følling, Sunnfjord
Martin Lundgård, kommunedirektør Askvoll	Martin Lundgård, kommunedirektør Askvoll
Sekretariat: Elisabeth Hatlenes	Sekretariat: Elisabeth Hatlenes

5. Kommunedirektørnettverk

Kommunedirektørane i regionsamarbeidet har eit eige nettverk som vert nytta til kolleganettverk og utarbeiding og førebuing av saker til arbeidsutvalet og rådsmøte. Leiar og nestleiar av dette nettverket er Martin Lundgård (Askvoll) og nestleiar Kristine Dahl (Stad). I tråd med vedtektene går leiarvervet på rulling etter to år, nytt val er hausten 2026.

6. Vertskommuneavtale og tilsette i Fjordane IPR

November 2023 vart det formelt utforma ei avtale om at Stad kommune er vertskommune for Fjordane IPR for 4 år. Sekretariatet i Fjordane IPR er tilsett i Stad kommune og har i 2025 arbeidd i ei 50 % stilling for drift av samarbeidet. Stad kommune fører rekneskap og arkiv for det interkommunale samarbeidet.

7. Møteaktivitet

Rådsmøte i 2025	Arbeidsutval	Kommunedirektørnettverket
12. februar, Loen 14. april, digitalt 21. mai, digitalt 24. juni, Jølster 10. september, Førde 31. oktober, Høyanger 3. desember, Førde	30. januar 12. mars 8. mai 29. august 3. oktober 17. november	28. januar 11. mars 30. april 21. august 14. oktober 22. november
Formannskapskonferansen 13.-14. februar 2025 (Loen)		Dialogmøtet med Statnett 9. januar (Florø)
Arendalsveka 11. -14. august		Temamøte Historia om E39 og intercity 7 nov. 2025

8. Økonomi og rekneskap

I 2025 kom inntektene til Fjordane IPR frå kommunane gjennom medlemskontingent på 50.000 NOK, fylkeskommunalt tilskot 600.000 NOK og 80.000 NOK til drift av kompetanseforum Fjordane. I tillegg har ein fått overført øyremerka prosjekt midlar frå Statsforvaltar på 750.000 NOK.

Representantskapet vedtok eit budsjett for 2025 med ei ramme på 1 630 000 NOK. Med eit utgangspunkt i å bruke 400.000 NOK av oppsparte midlar for å auke opp ressursane til 100%, ein har ikkje nytta desse midlane i 2025 fordi ein har ein haldt fast ved 50% stilling. Rekneskapen har eit positivt resultat på over 900 000 NOK som inkluderer dei øyremerka midlane.

Oppsparte fondsmidlar

Fjordane IPR har tre fondskontoar som ein disponerer. To av fonda er knytt til dei øyremerka midlane på 750 000 NOK. Det tredje fondet er eit fritt disposisjonsfond, ved førre årsskifte var saldo 874 328 NOK og 31.12.25 har fondet auka til 1 051 163 NOK. Samla sett har ein midlar til 1 801 163 i oppsparte fondsmidlar.

9. Formannskapskonferansen 2025

Formannskapskonferansen 2025 vart gjennomført 13.-14. februar 2025 i Loen. Ein viktig møtestad for folkevalde der ein legg til rette for å få innblikk i saker som er relevante for regionen og bli kjend med relevante instansar. Tilbakemeldingane frå ordførarane er denne konferansen er lagbyggande for kvart enkelt formannskap, administrasjon og at ein vert kjend med det regionale samarbeidet. Konferansen er planlagt med utgangspunkt i innspel frå kommunedirektørane og regionrådet.

Formannskapskonferansen dag 1	Formannskapskonferansen dag 2
<p>Kraft, areal og omstilling</p> <ul style="list-style-type: none">• Det grønne skifte v/ Energiminister• Kraft for vekst v/ NHO• Kva betyr energi for våre arbeidsplasser v/ LO• Fjordane på frammarsj v/ Bård Sandal VLFK• Nettonull samfunn i sikte v/ NTRANS• Frå utfordring til moglegheit v/ Norconsult• Nerg i Verda v/ Invest in Norway• Har kommunane gode nok intensiv for å sei ja til meir fonybar energi v/ Lund & Co• Saman for eit sterkare Fjordane v/ fylkesordførar	<p>Frå kraft til berekraftige helsetenester</p> <ul style="list-style-type: none">• Heilskapleg og langsiktig planlegging v/ Statsforvaltar• Korleis ta vare på alle unge som strever med psykisk helse og rus v/ Forandringsfabrikken• Praksisdømer frå kommunar Lokal bemanningsbase for helse Innstramming i tildeling av tenester Skrøplege eldre- behandlingsvurdering• Samhandling krev handling frå alle v/ interkommunal samhandlingskoordinator• Helse og omsorg sprenger budsjetta v/ KS Konsulent

10. Uttaler, støtteskriv og høyringar

I løpet av 2025 har ein drøfta saker som påverkar regionalt. Det har resultert i nokre uttaler og innspel til høyringar. I andre høver har vi sendt brev og kalla inn aktørar til dialogmøte og orientering.

- Støtteskriv- Astruptunet
- Uttale til Statnett- elektrifisering av Tampen
- Høyringsinnspel- regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 2027
- Høyringssvar- forslag om forbod mot nedbygging av myr
- Høyringssvar- Postutvalet
- Uttale- planprogram regionale planar mobilitet, areal, verdiskaping og kompetanse.
- E39- fråsegn og brev til samferdselsministeren

- Stad Skipstunnel- fråsegn og brev til samferdselsministeren
- Rullering av RTP
- Brev til helseministeren om finansiering av helseforetaka og framtida for distriktssjukehus
- Støtteskriv til Stiftinga Lenken
- Innspel til transportkomiteen om E39 og meir midlar til fylkesvegane
- Innspel til KS om Veterinærvaktordninga

11. Orienteringar og besøk i Regionrådet

Rådsmøte er ein arena for å inviterer inn private og offentlege bedrifter til dialogmøte. Ved nokre høve er det og relevant å invitere inn lag og organisasjonar til å presentere regionale prosjekt. Nokre av dei som har vore på besøk i regionrådet anten fysisk eller digitalt er;

Dialogmøte med Statnett om områdeplanen for sogn til sunnmøre

Orientering om RTP v/ Arve Helle leiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet

Orientering om forliksrådet v/ Ann-Elisabeth Whitehead, namnsfullmektig Vest Politidistrikt

Kraftanalysen v/ Lars-Idar Vegsund, Norconsult

Visningstur til Astruptunet

Invest in Fjordane- status og vegen vidare v/ Ørjan Stubhaug og Bård Sandal

Grønt Landtransportprogram v/ Bjørn R. Kjørmo

Dialogmøte med Sogn og Fjordane benken i Høyanger

Bedriftsbesøk Hydro

Intercity og ferjefri E39 v/ Kjetil Gillesvik, initiativ Vest

12. Utviklingsplanen for Region Fjordane 2023-2024

Region Fjordane utarbeidde i 2023 ein utviklingsplan for det regionale samarbeidet. Utviklingsplanen er eit overordna dokument som har kopling mot nasjonale, regionale og kommunale rammer. Difor har ein peika på nokre prioriterte samarbeidsområde. Det er denne som har lagt til grunn for arbeidet og ein har ambisjonar om å få ein oppdatert utviklingsplan for Fjordane som speglar dagens samarbeid.

Dette er punkta henta frå utviklingsplanen:

- Fjordane som ein viktig verdiskapingsregion regionalt og nasjonalt
- Interessepolitisk samarbeid- vere ein sentral pådrivar for å styrke Fjordane
- Klima og miljø skal vere ein premiss for samfunnsutvikling i Fjordane
- Sikre gode levekår, lokalsamfunn og marknadsføre Fjordane som ein attraktiv bu- og arbeidsregion.
- Samarbeid i regionen for å nå måla.

13. Handlingsplan/ aktivitetsplan 2025

Utviklingsplan 2023-2024	<p>Prioriterte satsingar i 2025</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kraftstrategi (pågår) 2. Administrativt samarbeid 3. Samferdsel (pågår) <p>Moglege satsingar</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Kunnskapsgrunnlag knytt til prosjektskjønn (reiseliv og brann)
-----------------------------	---

Aktivitetsplan 2025	
Formannskapskonferansen	<ul style="list-style-type: none"> • Møtestad for kunnskap og regionale politikk
Rådsmøte	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføring av 5-6 møter i året (tilsvarende møter med kommunedirektørar og arbeidsutval) • Tid til å bli kjend med medlemskommunane
Kompetanseforum Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> • Nettverk for kartlegging og innspel til kompetansebehov i Vestland
Regionale samarbeidspartar	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide ei samarbeidsavtale med regionale aktørar • Knytte til oss relevante samarbeidsaktørar for å nå strategiske mål
Påverknad	<ul style="list-style-type: none"> • Arendalsveka • Involvere politikarar i våre strategiske mål (fylke og storting) • Invitere bedrifter til orientering og utvikling av fellesprosjekt
Fellesstrategiar <ul style="list-style-type: none"> • Kraft • Næring 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre temamøte • Arbeidsgrupper for involvering og utarbeiding av strategiar
Administrative nettverk	<ul style="list-style-type: none"> • Forventningsavklaring – etablering og organisering av nettverk knytt til administrative fagnettverk
Nettstad	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide ein nettstad for Region Fjordane • Kommunikasjonsstrategi • Profil